LINDÅS KOMMUNE
Alversund skule

Bjørg Kvamme

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Leif Bjørnar Hopland | 07.04.2016 |
| Vår: 15/2955 - 16/9398 | leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no | |

# Referat etter møte i samarbeidsutvalet Alversund skule

**Tid og stad:** Alversund skule onsdag 06. april 2016 kl. 18.00-19.15.
**Til stades:** Thomas Wiik (FAU-leiar)
Lill Cecilie Bjørndal (FAU-representant)
Rebekka Nordbustad (vikar for lærarrepresentant)
Rønnaug Dieseth (lærarrepresentant)
Leif Bjørnar Hopland (rektor)
Thomas Tofting 7b (elevrådsrepresentant)
Malin Bergetun 7c (elevrådsrepresentant)
Astrid Rongevær (kommunalt oppnemnt repr.)
**Meldt avbod:** Rønnaug Dieseth (lærarrepresentant)
Bjørg Kvamme –(representant andre tilsette)

I oppsett møteplan for våren vert dei neste møta i veke 19 og 22. Detaljar kjem ein tilbake til i møte.

Sak 28-15/16 **Referat og møte innkalling godkjent**

Sak 29-15/16 **Årshjul og plan for klassekontaktar og kontaktlærar.**
Planen vart gjennomgått i møte og SU er samd i at den vert tatt i bruk slik den er.

Sak 30 – 15/16 **Elevundersøkinga** etter offentleggjering i skuleporten 15. mars
Kort orientering i møte om offentleggjeringa. Resultata er gjennomgått i SU-møte tidlegare.

Sak 31 – 15/16 **Planprogram trafikksikringsplan**
SU har ingen merknader til planprogrammet slik det er sendt ut. Etter oppsett plan for rulleringar er det lagt opp til frist for innspel til sjølve

planen i oktober. SU drøfta då særleg problematikken knytt til at elevar må passera gjennom bensinstasjonen «Gabben». Slik SU vurderer det er dette det mest kritiske trafikkområdet ein bør ta tak i  i skulen sitt umiddelbare nærområde.

Sak 32 – 15/16 **Prosjekt ny Alversund skule**.
Tilbakemelding på framdrifta. Gjennomgang i møte av notat med foreløpig funksjonsskildring.

Sak 33 -15/16 **Orientering frå FAU-leiar**
Kort orientering frå FAU- leiar orienterer om dei saker som det vert arbeidd med.
- Trafikk - planprogrammet
- Psykososial gruppe – arbeidar med organiseringa av felles samling. Tema/arbeidstittel «mobbing på sosiale media»
- Svømmeaksjonen
- Utarbeiding av manual for vidare arbeid

Sak 34 - 15/16 **Elevrådsarbeid** – elevrådsrepresentanten orienterte om aktuelle saker.
Det er nytt møte fredag. Aktivitetar i friminutta er drøfta. Sjølv om det er mykje som er organisert meiner elevrådet det er viktig at elevane kjem med sine ønskjer. Elevrådet ser og at årshjulet for samarbeid mellom kontaktlærar og klassekontaktar vil kunne bli eit godt hjelpemiddel for aktivitetar på klassenivå etter skuletida.

Sak 35 – 15/16 **Eventuelt**
kort gjennomgang av dei ulike plandokumenta knytt til det psykososialt skulemiljøet som ei førebuing til neste SMU-møte.

Med helsing

Leif Bjørnar Hopland
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Hilde Marit Reigstad

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Astrid Rongevær | Oterhaugane 7 c | 5914 | ISDALSTØ |
| Bjørg Kvamme | | | |
| Lill Cecilie Bjørndal - FAU nestleiar | | 5911 | ALVERSUND |

**Mottakarar:**
Malin Bergetun - elevrådsrepresentant
Rønnaug Dieseth - lærarrepresentant
Thomas Tofting - elevrådsrepresentant
Thomas Wiik